



*Ved Karl-Jan Erstad, Rådgivande Agronomar AS,
og Dag Hongve, Nasjonalt Folkehelseinstitutt*

Korssund 2009-06-29

Introduksjon

Arbeidsgruppa 9 (Vassverkskjemikalie) hadde sitt 39. møte hos Standard Noreg på Lysaker 25. juni 2009. For øvrig var det 24. juni på same stad eit førehandsmøte for oppdragsgruppene som arbeider med desinfeksjonsmiddel (TG6) og kjemikalie for symjebasseng (TG11). Noreg var denne gongen vertskap. Møta 24. juni samla 7 ekspertar frå 5 land, hovudmøtet 25. juni 17 frå 6 land.

Hovudmøtet var prega av nøye gjennomgang av arbeidsstatus for WG9, vedlikehald gjennom 5-årsrevisjonar og innkomne nye arbeidstema, spesielt innan filtermateriale og nye symjebasseng-kjemikalie. Ei større endring som er i kjømda, er at EEC sitt Merke- og produktdirektiv av 27.06.1967 vert avløyst av EU-regulering (EC) nr. 1272/2008, med nye HMT-setningar sett ut livet pr. des. 2010. Nye kodar må leggest inn før CEN-høring for både nye og reviderte standardar.

Al- og Fe-salt til flokkulering

Oppdragsgruppe 2 (TG2) har lenge vore i dvale etter at hovudarbeidet var fullført

under fransk leiing. I det siste har det utvikla seg eit sterkt finsk engasjement, og det er definitivt ein styrke for det nordiske samarbeidet – vi dannar no til dels felles nordiske interesser, ei nordisk blokk med god intern kommunikasjon.

Det finske Drikkevassinstituttet hadde fått informasjon frå selskapet Kemira om at det måtte visse justeringar til i standarden for Fe(III)-sulfat i fast form (EN 890), spesielt krav til vassløyseleg del var det teknisk vanskeleg å forhalde seg til i faktisk produksjon. I arbeidsgruppa var ein svært nøgd med at Finland straks tilbød seg å stille leiar for oppdragsgruppa – Dr. Niina Vieno frå nemnde institutt.

NaCl til ionebyting og elektroklorinering ved membranteknikk

Frå Oppdragsgruppe 3 (TG3) er det opplyst at NaCl for ionebyttarar (EN 973) i første halvår 2009 er ute på UAP (kombinert Teknisk og Formell høring). NaCl for elektroklorinering, med bruk av membranar – treng framdrift med tysk produsenthjelp. Det er nett

også Tyskland som nyttar seg av membranteknikken og har stilt krav om eigen standard for dette.

Storbritannia har trekt seg frå leiarvervet i TG3, og Mr. Christian Boidart frå Frankrike har tatt over.

Svovel-, fosfor- og ammoniumsambindingar

Grunna oppløysing av Oppdragsgruppe 4 er oppgåvene overført til TG9 (filtermateriale). Ved 5-årsrevisjon av EN 899 Svovelsyre og EN 12122 Ammoniakk-løysing treng ein berre stadfesting for 5 nye år. Tekstrevisjon og oppdatering var det einaste som måtte gjerast, teknisk revisjon er ikkje påkravd.

Kalkprodukt

Den tyske leiaren Mr. Norbert Peschen kunngjorde at det må haldast nytt møte i TG5 i Köln i oktober 2009 for å gjenomgå resultat frå CEN-høyring (Teknisk høyring) på dei nye standardane for dolomitt og MgO. MgO (granulert, aktiv tilstand) og dolomitt (ubrent, rådolomitt) ligg føre som standardutkast, og desse er ekspedert til AFNOR for å sendast på CEN-høyring.

prEN 12485 – Analysemetodar – må vere heilt ferdig til sept. 2009 (CEN-frist), elles vert arbeidstemaet stroke og må settast opp att på nytt. TG5 vil ta dette gjennom korrespondanse.

I høve standardane for halvbrent dolomitt (EN 1017) og kalsiumkarbonat (EN 1018) som har vore på FV (Formell Røysting), har det oppstått vanskar med CAS- og EINECS-nummer. For EN 1017 er det problem med at ein før har oppgitt 2 nummersett – for MgO og CaCO₃,

mens REACH-direktivet set krav om eitt fellesnummer for sambindinga CaCO₃ · MgO. For EN 1018 gjeld CAS-nummer og EINECS-nummer for naturleg avsett CaCO₃, men dette dekkar ikkje pellets-kuler frå fellingsanlegg for CaCO₃ i vassverk (felling med Ca(OH)₂ i hardt drikkevatt).

Desse krava etter REACH-direktivet gjer at ein må inn med Corrigendum-ark (Corrigendum >4 år gamle standardar) eller Amendment-ark (Amendment <4 år gamle standardar) for kvar einaste standard. Det nyttar ikkje å sette opp ei lang korreksjonsliste. Evt. må ein gjere full revisjon av aktuelle standardar.

Desinfeksjonsmiddel

Den franske leiaren i TG6, Mr. Bernard Leroy, meldte at ei rekke reviderte standardar er godtatt og publisert. CaHClO₃ (kalsiumhypokloritt) skal elles gjennomgå endring; kravet om nivå på rest av NaCl vert fjerna, idet ingen ser det faglege grunnlaget for denne avgrensinga.

Det har kome inn eit nytt prosjekt som er godkjent som arbeidstema: natriumhydrogensulfat. Det vart gjort vedtak om CEN-høyring, altså Teknisk høyring.

Skalldannings- og korrosjonshindrarar

Det er mange standardar som er modne for revisjon, og eit nytt mogleg tema har kome opp: pentakalsiumhydroksidortofosfat. Tyskland må omgåande framskaffe ny leiar til TG7 frå industrien (firmaet Budenheim som produktspecialist), elles fell nye tema bort.

Organiske hjelpemiddel til koagulering

prEN 1405 Na-alginat og prEN 1406 Modifiserte stivelsar er på Formell høyring (FV), og i TG8 ventar ein på resultat.

Uorganiske støtte- og filtermateriale

Ei rekke standardar er reviderte, godtatt og publiserte, ifølgje den britiske leiaren i TG9, Mr. Peter Jackson. Naturleg zeolitt (WG9/N1188) vart vedtatt innskrive som heilt nytt arbeidstema.

Fleire standardar vart også avgjort skal gå til 5-års-revisjon: EN 12902 Testmetodar for filtermateriale, EN 14456 Beinkol, EN 12904 Kvartssand og -grus og EN 13752 Mangandioksid.

Kjemikalie for symjebasseng

Ifølgje den franske leiaren i TG11, Mr. Xavier Darok, er 4 standardforslag ute til Formell høyring (FV): prEN 15796 Kalsiumhypokloritt, prEN 15797 Jernbaserte koagulentar, prEN 15798 Filtermateriale og prEN 15799 Aktivert kol i pulverform. H_2O_2 (hydrogenperoksid) vart innskrive som nytt arbeidstema (WI)

Det vart på nytt understreka fare for feil bruk av desse kjemikalia – også til drikkevassreinsing – dersom ein hadde ulike krav til reinleik. Spesielt vil dette vere ille dersom tungmetallkrava vert ulike.

Ionebyttar-resinar, chelaterte

TG12 med sin tyske leiar, Dr. Stefan Neumann, informerte om at standardforslag for kjelaterande ionebyttarar skal

ha vore sendt ut på CEN-høyring (Teknisk høyring).

Risikoåtvaringar for kjemikalie

På førre møtet hadde KAN (Kommission Arbeitsschutz und Normung) eit endringsforslag (N1123) til system med åtvaringar mot kjemikalie i standardar, sett i lys av HMT-arbeidet i verksemdene. Synspunktet var at val av HMT-tiltak kviler på arbeidsgivaren.

Det skulle etter dette framlegget berre verte risikoåtvaringa som kjem med i standarden. Dette kunne komme inn i eit Anneks B (informativt). T-, N-, R- og S-setningar kan ofte vere mangelfulle vedrørande oppdatering over år.

WG9 hadde i desember 2008 eit TG-leiarmøte i Paris om framlegget, og dette vart då avvist. WG9-møtet ønskte no å få vite frå tysk side om KAN ønskte å gå vidare med saka til CEN-hovudkvarteret (CMC) i Brussel.

Manganklorid for nikkelfjerning

Frå tysk side er tema for bruk av manganklorid for nikkelfjerning innmeldt: $MnCl_2 \rightarrow MnO_2 \rightarrow Ni$ -samfelling med manganoksid i kompleks Gjennom korrespondanse innan WG9 skal eventuell interesse frå andre land avklarast.

Merking av produkt ved tilsetningsmiddel i kjemikalie

Tyskland hadde ved førre møte ein førespurnad om merking av produkt ved tilsetningsmiddel i kjemikalie. Som tilsvar

kom det fram at t.d. i Storbritannia må tilsetningsstoff godkjennast av nasjonale styresmakter. Vidare standardiserer CEN berre enkeltkjemikalie. Blanding av kjemikalie og tilsetningsstoff for ulike eigenskapar må gjennom vanleg sakshandsaming på nasjonalt nivå. På dette viset er det også i Noreg.

Etter denne avklaringa vil Tyskland sette opp eiga liste og fremme krav om deklarasjon av tilsetningsstoff på nasjo-

nal basis. Generelt vert det vidare vist til standardane sitt kap. 4.1 – Generelle plikter om info om produksmansetnad og -endringar frå produsent til kunde.

Neste møte

Det 40. møtet i CEN/TC164/WG9 vert torsdag 10.06.2010 i Helsingfors, Finland, med tysdag 15.06. som ein reserve- dag.